



Morten Nilsen har æra for Martabu og her orienterer han under gjenopninga

**No har Marta Tomasdotter Haugland, som levde frå1889 til 1971, fått sitt verdige minne.**

**I føremiddag gjenopna Morten Nilsen gamlebutikken på Sanden der det vil bli seld is, kaffe, vaflar og sjokolade og orientert om kva Uskedalen har å by på av turistattraksjonar.**

**Butikken fekk namnet Martabu etter drøfting i familiekrinsen. Prosjektet er realisert på imponerende stutt tid og er eit viktig pluss for kulturbygda Uskedalen.**



[Ein duft frå gamletida...](#)

- Dette er ingen ny ide, fleire har hatt han tidlegare. men no er den altså endeleg realisert, seier Gunn Mari Moberg. Ho tillegg Morten æra for at det har skjedd så raskt. - Han er ung og effektiv og har pågangsmot, er attesten hennar.



Pengekassa er intakt og har fått påfyll!

Morten forleil om namnevalet at fleire alternativ var lansert. Sandamarto var truleg det som var mest på tale, men det vart funne litt for komplisert. Andre alternativ som heller ikkje nådde opp var Marta og Mandius, Mandius og Krambua. Namnediskusjonen går sikkert vidare som alle slike diskusjonar. Gjenopninga av Martabu har vekt positiv respons både mellom fastbuande og ferierande. Frammøtet til opninga var eit tydeleg prov på det, for det møtte 40. Alle var imponert over den raske framdrifta i prosjektet og over at så mykje som peikar attende til butikkdrifta allereie er på plass.

Det gjeld både hjelpemiddel og rekvisita av ymse slag, fotografi og avisklipp. Og hvis fleire har noko å bidra med kan dei overlata det til Morten eller Emilie, som skal vera på plass i Martabu dei første dagane i veka i tida framover.

Blant dei som var møtt fram i føremiddag var det mange som hugsar mykje frå butikkdrifta, som Marta hadde ansvaret for fram til 1962. Tormod Myklebust kunne til dømes opplysa at opningstidene i butikken var svært fleksible - Marta var ikkje sein om å opne sjølv på sundagar hvis nokon ytra ynskje om det. Eit høgdepunkt var det også då dei sat og venta på båten.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Mange møtte fram og mimra ved gjenopninga